

Trykk på turstiar og gå ein tur!

12.07.2009



På veg til fjells! (Foto; Ola Matti Mathisen)

**uskedalen.no ser det som ei viktig oppgåve å marknadsføra det gode turtilbodet i Uskedalen.**

**Difor har vi no fått på plass ein eigen rubrikk i marginen til venstre. Hvis du trykker på Turstiar får du opp ei liste med ni turar som bør vera eit godt tilbod for alle aldrar, aktivitetsnivå og ambisjonar. Her er det fyldige opplysningar om dei einskilde turane**

**Dette er eit ledd i det store turstiprosjektet som er på gang og som omfattar heile kommunen.**



Busslomma ved riksvegen er startpunktet for fleire turar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er eit samarbeidsprosjekt mellom idrettslaget, Kvinnherad Turlag og Turistkontoret,

Men lat oss presisera at sidene våre slett ikkje er ferdige.

Mellom anna kjem det fleire bilete på plass.

Du får også opp fjelltrimkort-tilbodet som har vorte svært populært etter kvart. Det omfattar 12 turmål som gjev poengsummar frå 3 til 12.

Lettast av måla er Eikedalen, Børsdalen og Ådnaklett medan to Nåso-mål og Englafjell naturleg nok gjev størst poeng-utbytte.